

Årsmelding for Fogn grendalag – 2016

Fogn grendalag hadde årsmøte 6. april 2016. I tillegg til vanlege årsmøtesaker, hadde Frank Pedersen frå Gledesfabrikken eit kåseri der han reflekterte over dei ulike sidene ved livet. Valnemnda sitt forslag til styre vart vedteke av årsmøtet, og etter konstitueringa i første styremøte 21. april, såg styret slik ut:

Kristoffer Østhushus – Leiar (valt av årsmøtet for 1 år)
Merete Meling Kindingstad – Kasserar (1 år att i styret)
Kathrine Flesjå Østhushus – Innkallingssekretær (1 år att i styret)
Håvard Østhushus – Referatssekretær (2 år att i styret)
Harald Bøe – Styremedlem (1 år att i styret)
Joar Sandanger – Styremedlem (2 år att i styret)
Arnstein Bøe – Styremedlem (2 år att i styret)
Arne Straumstein – 1. varamann (1 år att)
Ingeborg Bøe Rolfsen – 2. varamann (2. år att)

Det største prosjektet til Fogn grendalag i 2016, var visning av Fogn. Dette var eit forslag som kom fram på årsmøtet i 2016, og tanken var at vi ville presentere øya vår, og det vi kan by på, på ein eigen visningsdag. Vi var spesielt interesserte i å få besøk av potensielle nye beboarar og hyttekjøparar, men dette var ikkje eit kriterie for å få koma på visningen. Invitasjonen til visningsdagen, som vart fastsett til laurdag 27. august, gjekk vidt ut, mellom anna gjennom ei stor annonse i Stavanger Aftenblad. Om lag 60 personar, hovudsakleg frå Stavangerområdet, meldte seg på, og dei aller fleste av desse møtte opp då den innleigde båten frå Jon Arne Helgøy henta dei på kaien i Stavanger. På programmet for dagen sto både sightseeing på fjorden og i buss rundt Fogn. Dei påmeldte kunne også besøkja ulike stasjonar på Fogn, der dei fekk eit innblikk i noko av det vi har å by på. Her var også presentasjon av tomter til både hus og hytter. Det heile vart avslutta med ein grillfest i Eidsvåg, der også mange av dei fastbuande møtte opp, før Helgøybåten henta besøket og frakta dei trygt attende til Stavanger.

Sjølve visningsdagen vart vellukka på den måten at vi fekk vist fram Fogn frå si beste side, med både fint vær, god stemning og masse velvilje og dugnadsinnsats frå dei fastbuande. Diverre har dagen ikkje enno gitt ønska resultat i form av fleire innbyggjarar eller hyttekjøparar (så langt vi veit). Vi veit likevel at somme av dei besøkjande vurderer hus/hytte på Fogn, i tillegg til at visningsdagen verkar til å ha hatt ein sær positiv omdømmeeffekt. Ei lita gruppe sett ned av grendalaget arbeider med oppfølging av visningen, og evt. ny visning av Fogn.

Laurdag 17. september arrangerte kulturgruppa i grendalaget, saman med Erås museum, kulturbasar til inntekt for born i India. Nesten 14 000 kroner kom inn på basaren, som var sær godt besøkt i det flotte haustvêret.

Ei av sakene som grendalaget har arbeida med i 2016, er å få til eit godt opplegg knytta til projektor og lerret i gymsalen på Fogn oppvekstsenter. Denne fungerer mellom anna som «storstove» ved ulike bygdearrangementer, og det har lenge vore ynskjeleg å få til ei enkel og god ordning for visning av bilete og film på ein storskjerm. Grendalaget fekk overta dei pengane som i fleire år har stått på kontoen til «Fogn grendahus» (om lag 55 000 kroner) og desse vart i si heilheit nytta til dette prosjektet. Utstyr har vorte kjøpt inn og montert i samarbeid med 17. maikomiteen, frivilligsentralen og Fogn oppvekstsenter, slik at gymsalen no framstår i særslig oppgradert versjon knytta til framvisning av bilete og film.

Elles har grendalaget, som har hatt 2 styremøter i tillegg til gruppemøtene knytta til visningsdagen, arbeida inn mot kommunen knytta til nye ferjeruter og for å undersøkje moglegheten for ny småbåthamn i Eidsvåg.

Inn mot årsmøtet for 2016 har også grendalaget hatt samtalar med Lyse om moglegheten for å få utbygd fiber på Fogn. Ein har mellom anna gått frå dør til dør på Fogn for å sjå kor interesserte folk er i dette tiltaket. Lyse kjem til årsmøtet 29. mars 2017 for å informera meir om dette prosjektet.

Grendalaget sin nettstad, Fogn.org, har også dette året fungert som ein nettstad med informasjon om gjennomførte og komande arrangement og tiltak på Fogn. Det kan verte aktuelt med ny «redaktør» for nettstaden, noko styret i grendalaget har behandla, og opna opp for.

Styret i Fogn grendalag vil til slutt retta ein stor takk til alle som er med og bidreg på så mange ulike måtar for å gjere Fogn til ein god stad å både bu og feriere på

Fogn grendalag – mars 2017